

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 2. desember 2024 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Torodd Kinn (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurset (allmenn litteraturvitskap), Carl Börstell (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Matti Wiik (klassisk), Marianne van Baar (Norskkursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Agathe Galtung, Synnøve Aukan Meisingset, Sandra Sandnes (studentrepresentantar), Lisa Dalby Pedersen (sekretær)

Frå administrasjonen: Dina-Eirin Kleppe Leikanger, Sissel-Karin Leknes, Linnea Reitan Jensen, Veronica Christensen, Amund Sørås

Meldt forfall: Ann-Kristin Helland Gujord, Ulla Kallenbach

Saksliste

UUI-sak 19/24: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 20/24: Orienteringssaker.....	1
UUI-sak 21/24: Studieporteføljeprojektet	1
UUI-sak 22/24: UUI-datoar 2025	2
UUI-sak 23/24: Ymist.....	2

UUI-sak 19/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste

UUI-sak 20/24: Orienteringssaker

- a) Emneevalueringar og eigenvurderingar hausten 2024
- b) Undervisningsassistentar våren 2025
 - a. Det er no mogleg å søke om undervisningsassistentar for vårsemesteret 2025:
<https://skjemaker.app.uib.no/view.php?id=18139792>. **Frist 13. desember**

UUI-sak 21/24: Studieporteføljeprojektet

Vedlegg: Arket «Revisjon av BA-programma UUI 2024-12-02»

Orientering om behov for oppfølging av fakultetsstyret sitt vedtak om studieporteføljeprojektet.

I møtet kjem det spørsmål om korleis føringane om å fortrinnsvis undervise 200-nivåemne om våren (6. semester), vil påverke undervisning som no er tilbod til både studentar på 200- og 300-nivå om våren og hausten (såkalla «heisemne»). Ein fremmer bekymring for kva desse føringane betyr for emne som rekrutterer mange internasjonale studentar.

Norrøn filologi minner om at endringane i BA-strukturen ikkje bør gå ut over kontinuiteten i språklæringa for dei programma det gjeld. Korleis stiller IF seg til dette? Det er notert og meldt inn.

Undervisningskoordinator følgjer opp korleis emnepakkene kjem fram på vitnemåla til studentane.

Representanten for lektorutdanninga minner om at ein må ta omsyn til lektorstudentane. Lektorutdanninga vil kunne tilrå ei emnepakke som gir undervisningskompetanse i skulen.

Emneplan for nytt felles obligatorisk innføringsemne i første semester sendast på høyring til tilsette og studentar.

Nokre punkt ein kan tenke på når det gjeld tiltak for å styrkja gjennomføring og auka studiepoengproduksjonen: Auka fagleg tilhøyrsløse, inkludere fagutval meir, kople inn mentorane, kople saman studentar, faglærarar og fagutval, fagleg-sosiale arrangement, få tydelegare fram arbeidslivsrelevans.

UUI-sak 22/24: UUI-datoar 2025

Forslag til møtedatoar for UUI i 2025:

- 10. februar er foreslått, men det er «Open dag». 17. februar erstattar.
- 7. april
- 16. juni
- 8. september
- 20. oktober
- 8. desember

UUI-sak 23/24: Ymist

Undervisningskoordinator orienterer om fagleg bemanningsplan for HF til 2030. Det blir allmøte på LLE om bemanningsplanen torsdag 5. desember kl. 10.15 (norsk) og 11.15 (engelsk).